

Sak 47/2018 – Økonomiplan 2019 – 2022. Årsbudsjett 2019.

Handsaming formannskapet 21.11.2018:

Uttale frå samarbeidsutvalet i Jettegryto barnehage var distribuert ut før møtet.

Uttale frå ungdomsrådet frå 16.11. var distribuert ut via iPad same dag.

Uttaler frå arbeidsmiljøutvalet - AMU - 19.11 og frå senior-og funksjonsrådet 19.11 – var distribuert ut 19.11.

Mottekne presentasjonar frå formannskapet sin budsjettkonferanse 13.-14.11. var distribuert ut før møtet.

Rådmannen sine svar på spørsmål frå formannskapet og andre politiske representantar var distribuert ut før møtet.

Rådmannen sine justeringar i budsjettframlegget vart distribuert ut 19.11.

På vegne Ap, Frp og V, fremja varaordførar Magne Djuvik, Frp, følgjande framlegg:

Som rådmannen sitt framlegg i budsjettnotatet - justert 19.11.

Følgjande framlegg frå Høgre, Krf og Senterpartiet vart fremja Svein Lang, Sp:

Fusa Kommunestyre vedtek økonomiplan med årsbudsjett som framlagt av rådmann – justert 19.11. - med følgjande endring.

Rådmann vert beden om å sjå på eit innsparingspotensiale på 4 mill på drift og kva konsekvensar dette får.

Investeringsprogram 2021 og 2022 vert som rådmann sitt framlegg.

Investeringsprogram for 2019 og 2020:

		2019	2020
20	hovedplan avløp	1 000	2 000
30	hovedplan vatn	4 000	2 000
33	Søre Fusa snuplass	1 500	0
50	PLO og HFV diverse utstyr	400	400
70	trafikk sikring vegar	800	500
80	opprusting vegar	6 000	3 000
100	E-kommune digitale tenester	3 500	0
102	Telefonsentral	500	0
110	Læremiddel	600	600

120	Digitalisering av kart	300	1 000
130	Leikeplasser	2 000	1 50
180	Oppgradering kommunale bygg	3 000	3 000
200	Tiltak/oppgr bygg anlegg kyrkjesektor	2 450	450
203	Kommunedelplan Akvakultur	500	0
220	Områdeplan Eikelandsosen	500	0
240	Fleirbrukshall	11 000	0
243	Turveg Skjelbreid-Eikelandsosen	200	0
261	Brannstasjon	????	????
999	Eigenkapital KLP	900	900
1701	velferdsteknologi	2 100	0
1703	Oppretting av matrikkel	500	0
1707	Utviding Stallabrotet	3 000	0
1708	Asfaltering av veg og ny p-plass v/gravplass Baldersheim	1 500	0
1709	Forskottering av veg Tveitamarka	6 000	0
1710	Gangveg til gravplass Åkre	2 000	0
1711	Forprosjekt tunell Sævareid	200	0
1713	Fusa ungdomsskule	63 125	0
1801	Forprosjekt barnehagebygg	450	0
1802	Tiltak i Eikelandsosen	1 000	2 000
1803	Inventar i skular og barnehager	600	600
1804	samnæy næringsområde	6 000	8 000
1806	Områdeplan Strandvik	800	0
1807	Ombygging av sørflæyen FBBS	1 000	0
1808	Forprosjekt pleie og omsprg	500	0
1810	Flaumsikring Vikeelva	3 000	0
1811	Flaumsikring Haugeelva	3 200	0
1812	Trafikksikring Rød	3 000	3 000
1813	Plan fo gang og sykkelsti frå krysset Dalland -Djupvik	200	0
1901	Innbu og utstyr, nytt helsesenter og kontorfløy helse og sos.teneste	600	0
1902	Opprusting Torsneset bufelleskap	500	0
1903	Opprusting og påbygg Jettegryto barnehage	????	
1904	Moloer og fiskerihavner	1 600	0
1905	kjøp av samfunnshus	0	0
1906	Forprosjekt veg til Revne	1 000	0
1907	Rassikring Skåte	500	0
xxxx	Toalettanlegg og nytt tak naust husmannsplass Vinnesholmen	500	0
xxxx	parkanlegg Strandvik	?????	
		142 025	27 600

Kommentarar:

* Prosjekt 1801: Hva er brukt i 2018? (Budsjett 2018 600'). Forsprosjekt alle bygg. Privatisering av bh må også vurderast.

Prosjekt 1903: Avklares.

Prosjekt 1906: Sammarbeidsprosjekt med Skogplantefondet.

Prosjekt xxxx: Stiftinga Vinnesholmen disponerer midlane.

Prosjekt xxxx: Sammarbeidsprosjekt med Strandvik Bygdautval, 2 frå Bygdautval 1 kom.repr.

Både Svein Lang, Sp, og varaordfører Magne Djuvik, Frp, fremja følgjande forslag til vedtak:

NETTO DRIFTSRAMMER FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA – 2019

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Nettoramma for 2017 vart vidareført for 2018 med prisjustering .

Løyvinga var i 2018 kr 764 000 netto. 2018 – ramma vert vidareført med prisjustering. Netto-ramme for 2019, med fråtrekk av mva-refusjon på kr 183.000, er kr 794.000,-.

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2019 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2019 – 2022

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar, organisatoriske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsøyving løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTELEGGINGA

a. I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (2018/2019) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

b.

1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2019 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.
2. Det vert skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med éin syvendedel i 2019 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt).
3. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 7 o/oo.
4. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo.
5. Eiendomsskatten skal betalast i to terminar, jf. eigdomsskattelova § 25.
6. Alminnelig taksering vert utsett. Gjeldande takster vert nytta for skatteår 2019 , eigedomsskattelova § 8 A-3 (2).
7. Fritak som skal gjevast i 2019 medhald av eigedomsskattelova § 7:
 - a. § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole, Vinnes barnehage, Vinnes Friskule,
 - b. § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.
 - c. Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2019. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.

8. Strandvik og Hålandsdalen Montessorriskular skal få fritak for eigedomsskatt for 2019 under føresetnad av at vilkåra for å gje fritak i medhald av eigedomsskattelova § 7 a er oppfylt.

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

Rådmannen får fullmakt til å innarbeida vedtaket i budsjettvedtaksmalen.

Framlegget frå varaordførar Magne Djuvik, Frp, fekk 4 røyster. 2 Ap, 1 Frp, 1 V.

Framlegget frå Svein Lang, Sp, vart tilrådd med 5 røyster. 1 H, 1 Krf, 3 Sp.

Etter dette har formannskapet 21.11.2018 gitt følgjande tilråding:

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2019 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2019 – 2022

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar, organisatoriske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsløyving løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTLLEGGINGA

a. I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (2018/2019) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

b.

1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2019 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.
2. Det vert skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med én syvendedel i 2019 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt).
3. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 7 o/oo.
4. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo.
5. Eiendomsskatten skal betalast i to terminer, jf. eigdomsskattelova § 25.
6. Alminnelig taksering vert utsett. Gjeldande takster vert nytta for skatteår 2019 , eigedomsskattelova § 8 A-3 (2).
7. Fritak som skal gjevast i 2019 medhald av eigedomsskattelova § 7:
 - a) § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole, Vinnes barnehage, Vinnes Friskuleb
 - b) § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.

c) Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjortav administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2019. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.
8. Strandvik og Hålandsdalen Montesorriskular skal få fritak for eigedomsskatt for 2019 under føresetnad av at vilkåra for å gje fritak i medhald av eigedomsskattelova § 7 a er oppfylt.

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2019

a)

NETTO DRIFTSRAMMER FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA – 2019

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Nettoramma for 2017 vart vidareført for 2018 med prisjustering .

Løyvinga var i 2018 kr 764 000 netto. 2018 – ramma vert vidareført med prisjustering. Netto-ramme for 2019, med fråtrekk av mva-refusjon på kr 183.000, er kr 794.000,-.

Driftsrammer for einingane for budsjett 2019 og i framskriven økonomiplan							
(alle tal i heile 1000 kr)							
Ansv.	Eining	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1	Samfunnsutvikling, økonomi og service*	38 560	37 866	40 220	40 502	40 502	40 502
2	Barnehage	28 316	28 471	27 682	27 682	27 682	27 682
3	Undervisning	56 420	57 012	57 290	57 290	57 290	57 290
4	Helse, familie og velferd	22 108	21 629	23 964	25 038	25 954	27 229
5	Pleie og omsorg	87 182	89 430	94 709	94 709	94 709	94 709
7	Teknisk drift	7 911	6 000	7 744	7 744	7 744	7 744
8	Bjørnefjorden landbrukskontor	1 621	1 529	1 557	1 557	1 557	1 557
SUM NETTO DRIFTSRAMMER		242 118	247 323	253 166	254 522	255 438	256 713

*Driftstilskot frå eining 1	2019	2020	2021	2022
Fusa sokneråd m.m.	3 842	3 842	3 842	3 842
Fusa frivilligsentral	660	660	660	660

Fusa Kommunestyre vedtek økonomiplan med årsbudsjett som framlagt av rådmann med følgjande tillegg:

Rådmann vert beden om å sjå på eit innsparingspotensiale på 4 mill på drift og kva konsekvensar dette får.

Alle tal i heile tusen kr. Tal for heile økonomiplanperioden er 2019-kroner.

b) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2019

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke slik det framgår i budsjettnotatet frå rådmannen.

V. INVESTERINGSPROGRAM 2019-2022

(Alle tal i heile 1 000 kroner. Tala er «2019-kroner».)

		2019	2020	2021	2022
20	hovedplan avløp	1 000	2 000	2 000	2 000
30	hovedplan vatn	4 000	2 000	2 000	1 000
33	Søre Fusa snuplass	1 500	-	-	-
50	PLO og HFV diverse utstyr	400	400	400	400
70	trafikkisikring vegar	800	500	500	500
80	opprusting vegar	6 000	3 000	3 000	3 000
100	E-kommune digitale tenester	3 500	-	-	-
102	Telefonsentral	500	-	-	-
110	Læremiddel	600	600	600	600
120	Digitalisering av kart	300	1 000	300	300
130	Leikeplasser	2 000	150	-	-
180	Oppgradering kommunale bygg	3 000	3 000	3 000	3 000
200	Tiltak/oppgr bygg anlegg kyrkjesektor	2 450	450	450	450
203	Kommunedelplan Akvakultur	500	-	-	-
220	Områdeplan Eikelandsosen	500	-	-	-
240	Fleirbrukshall	11 000	-	-	-
243	Turveg Skjelbreid-Eikelandsosen	200	-	-	-
261	Brannstasjon	????	????	0	0
999	Eigenkapital KLP	900	900	900	900
1701	velferdsteknologi	2 100	-	-	-
1703	Oppretting av matrikkel	500	-	-	-
1707	Utviding Stallabrotet	3 000	-	-	-
1708	Asfaltering av veg og ny p-plass v/gravplass Baldersheim	1 500	-	-	-
1709	Forskottering av veg Tveitamarka	6 000	-	-	-
1710	Gangveg til gravplass Åkre	2 000	-	-	-
1711	Forprosjekt tunell Sævareid	200	-	-	-
1713	Fusa ungdomsskule	63 125	-	-	-
1801	Forprosjekt barnehagebygg	450	-	-	-
1802	Tiltak i Eikelandsosen	1 000	2 000	0	0
1803	Inventar i skular og barnehager	600	600	200	200
1804	samnæy næringsområde	6 000	8 000	-	-
1806	Områdeplan Strandvik	800	-	-	-
1807	Ombygging av sørlæyen FBBS	1 000	-	-	-
1808	Forprosjekt pleie og omsprg	500	-	-	-
1810	Flaumsikring Vikeelva*	3 000	-	-	-
1811	Flaumsikring Haugeelva*	3 200	-	-	-
1812	Trafikkisikring Rød	3 000	3 000	0	0

1813	Plan fo gang og sykkelsti frå krysset Dalland -Djupvik	200	-	-	-
1901	Innbu og utstyr, nytt helsesenter og kontorfløy helse og sos.teneste	600	-	-	-
1902	Opprusting Torsneset bufelleskap	500	-	-	-
1903	Opprusting og påbygg Jettegryto barnehage	????	-	-	-
1904	Moloer og fiskerihavner	1 600	-	-	-
1905	kjøp av samfunnshus	0	-	-	-
1906	Forprosjekt veg til Revne	1 000	-	-	-
1907	Rassikring Skåte*	500	-		
xxxx	Toalettanlegg og nytt tak naust husmannsplass Vinnesholmen	500	-		
xxxx	parkanlegg Strandvik	?????	-		
		142 025	27 600	13 350	12 350

Kommentarar:

Prosjekt 1801: Hva er brukt i 2018? (Budsjett 2018 600'). Forsprosjekt alle bygg. Privatisering av bh må også vurderast.

Prosjekt 1903: Avklares.

Prosjekt 1906: Samarbeidsprosjekt med Skogplantefondet.

Prosjekt xxxx: Stiftinga Vinnesholmen disponerer midlane.

Prosjekt xxxx: Samarbeidsprosjekt med Strandvik Bygdautval, 2 frå Bygdautval 1 kom.repr.

Merknad:

*Prosjekt 1907: I rådmannen sitt framlegg er prosjektnr. 1907 også brukt, men då til all flaum- og rassikring i eit eige prosjekt, med totalbeløp kr 6,7 mill og tekst «flaum- og rassikring»

Merknad:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret inneheld ikkje eit komplett investeringsbudsjett, fordi nokre prosjekt er lagt inn utan summar. Total investeringsbeløp og lånebehov er difor ikkje avklara for 2019 og 2020.

Dette gjev eit utilstrekkeleg grunnlag for å rekna finanskostnadar og bruk av fond, og for å setja opp hovudoversikt drift og budsjettskjema 1A (økonomiplan) for 2019-2022. Desse hovudoversiktene/tabellane kunne difor ikkje utarbeidast og ligg ikkje i budsjettinnstillinga frå formannskapet.

Det er ikkje rekna renter og avdrag på differansen mellom rådmannen sitt framlegg til investeringsprogram og formannskapet si innstilling. Evt. Endringar på mva-refusjon er heller ikkje kalkulert.

VI. ØKONOMIPLAN 2019 – 2022

Merknad:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret inneheld ikkje eit komplett investeringsbudsjett, fordi nokre prosjekt er lagt inn utan summar. Total investeringsbeløp og lånebehov er difor ikkje avklara for 2019 og 2020.

Dette gjev eit utilstrekkeleg grunnlag for å rekna finanskostnadar og bruk av fond, og for å setja opp hovudoversikt drift og budsjettskjema 1A (økonomiplan) for 2019-2022. Desse hovudoversiktene/tabellane kunne difor ikkje utarbeidast og ligg ikkje i budsjettinnstillinga frå formannskapet.